

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 13.02.2014  
Sakhandsamar: **Hanne Løvereide Årstad**  
Saka gjeld: **Endring av vedtektene i helseføretaka**

**Arkivsak**  
2014/108  
**Styresak 024/14**

**Styremøte 20.02 2014**

---

### **Forslag til vedtak**

1. Vedtektene i helseføretaka blir endra i tråd med saksførelegget.
2. Endringane skjer ved at Helse Vest RHF som eigar, gjer vedtak i føretaksmøta i helseføretaka.

## Oppsummering

Føretaksmøte i Helse Vest RHF har gjort vedtak om endringar i vedtektene for Helse Vest RHF. Dette gjeld vedtektenes § 8, styrande organ, og § 8 a, oppnemning av styremedlemmer i helseføretaka. Vedtektene § 9, vedtak som skal treffast av føretaksmøte, blei oppheva. Reviderte vedtekter følgjer saken. Endringane i vedtektenes § 8 får også konsekvensar for helseføretaka sine vedtekter, § 7, som det her blir gjort framlegg om å endra.

## Fakta

Føretaksmøte i Helse Vest RHF 7. januar 2014 gjorde følgjande vedtak:

*«Vedtektene § 8 Styrende organer og § 8 a Oppnevning av styremedlemmer i helseføretak blir endra i tråd med framlagte forslag.*

*Vedtektene § 9 Vedtak som skal treffes av føretaksmøtet blir oppheva.*

*Det samla talet på styremedlemmer i helseføretaka bør òg reduserast.»*

Styret for Helse Vest RHF blei redusert til ni medlemmer. Vedtektene § 8 blei endra i tråd med dette. Regjeringa har vedteke å endre krava til oppnemning av eigaroppnemnte styremedlemmer i helseføretaka. Kandidatar skal veljast basert på kvalifikasjonar i tråd med krava i lov om helseføretak. Vedtektene § 8a blei endra i tråd med dette. § 9 i vedtektene gjentok delar av ordlyden i i lov om helseføretak §§ 30 og 31. Føresegna blei oppheva då den blei vurdert som overflødig og kunne føre til misforståingar.

## Kommentarar

Spørsmål om tal styremedlemmer er drøfta og vurdert av styret sitt arbeidsutval (AU) med oppgåve å utarbeide forslag til nye styremedlemmer i styra i underliggjande helseføretak. Arbeidsutvalet har vore samde i at dei nye helseføretaksstyra bør ha 6 eigaroppnemnde styremedlemmer mot sju i dag. Med bakgrunn i reglane i helseføretasklova § 23 om dei tilsette sin styrerepresentasjon i helseføretaka, gjer denne endringa ikkje utslag i tal styremedlemmer valde av og blant dei tilsette. Styra i Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF vil da få tilsaman 10 medlemmer, medan styret i Sjukehusapoteka Vest HF vil ha 9 medlemmer.

Som en følge dette blir det gjort framlegg om at vedtektene til Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Stavanger HF § 7 «Styrende organer» blir endra frå:

*Helse xx HF ledes av et styre. Styret skal ha elleve medlemmer.*

*Sju medlemmer oppnevnes av føretaksmøtet som velger styrets leder og nestleder. I tillegg velger de ansatte 4 styremedlemmer med varamedlemmer.*

*Med utgangspunkt i de partsforhold som da vil gjelde, deltar styremedlemmer som er valgt av de ansatte ikke i behandling av saker som gjelder arbeidsgivers forberedelse til forhandlinger med arbeidstakere, arbeidskonflikter, rettstvister med arbeidstakerorganisasjoner eller oppsigelse av tariffavtaler.*

*Styret ansetter daglig leder. Helseføretakets daglige leder kan ikke sitte i styret.*

*Daglig leder i Helse Vest RHF har gjennom forvaltning av avtalen mellom Helse xx HF og Helse Vest RHF rett til innsyn og oppfølging av føretaket også ved direkte kontakt med administrasjonen i helseføretaket.*

## Til ny § 7:

*Helse xx HF ledes av et styre. Styret skal ha 10 medlemmer.*

*Seks medlemmer oppnevnes av føretaksmøtet som velger styrets leder og nestleder. I tillegg velger de ansatte 4 styremedlemmer med varamedlemmer.*

*Med utgangspunkt i de partsforhold som da vil gjelde, deltar styremedlemmer som er valgt av de ansatte ikke i behandling av saker som gjelder arbeidsgivers forberedelse til forhandlinger med arbeidstakere, arbeidskonflikter, rettsvister med arbeidstakerorganisasjoner eller oppsigelse av tariffavtaler.*

*Styret ansetter daglig leder. Helseforetakets daglige leder kan ikke sitte i styret.*

*Daglig leder i Helse Vest RHF har gjennom forvaltning av avtalen mellom Helse xx HF og Helse Vest RHF rett til innsyn og oppfølging av foretaket også ved direkte kontakt med administrasjonen i helseforetaket.*

For Sjukehusapoteka Vest HF blir det gjort framlegg om at vedtektene § 7 « Styrende organer» blir endra frå:

*Sjukehusapoteka Vest HF ledes av et styre. Styret skal ha ti medlemmer. Sju medlemmer oppnevnes av foretaksmøtet som velger styrets leder og nestleder. I tillegg velger de ansatte 3 styremedlemmer med varamedlemmer.*

*Med utgangspunkt i de partsforhold som da vil gjelde, deltar styremedlemmer som er valgt av de ansatte ikke i behandling av saker som gjelder arbeidsgivers forberedelse til forhandlinger med arbeidstakere, arbeidskonflikter, rettsvister med arbeidstakerorganisasjoner eller oppsigelse av tariffavtaler.*

*Styret ansetter daglig leder. Helseforetakets daglige leder kan ikke sitte i styret.*

*Daglig leder i Helse Vest RHF har gjennom forvaltning av avtalen mellom Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest RHF rett til innsyn og oppfølging av foretaket også ved direkte kontakt med administrasjonen i helseforetaket.*

#### **Til ny § 7:**

*Sjukehusapoteka Vest HF ledes av et styre. Styret skal ha ni medlemmer. Seks medlemmer oppnevnes av foretaksmøtet som velger styrets leder og nestleder. I tillegg velger de ansatte 3 styremedlemmer med varamedlemmer.*

*Med utgangspunkt i de partsforhold som da vil gjelde, deltar styremedlemmer som er valgt av de ansatte ikke i behandling av saker som gjelder arbeidsgivers forberedelse til forhandlinger med arbeidstakere, arbeidskonflikter, rettsvister med arbeidstakerorganisasjoner eller oppsigelse av tariffavtaler.*

*Styret ansetter daglig leder. Helseforetakets daglige leder kan ikke sitte i styret.*

*Daglig leder i Helse Vest RHF har gjennom forvaltning av avtalen mellom Sjukehusapoteka Vest HF og Helse Vest RHF rett til innsyn og oppfølging av foretaket også ved direkte kontakt med administrasjonen i helseforetaket.*

Endringane i Helse Vest sine vedtekter §§ 8 a og 9 krev ikkje at det blir gjort endringar i vedtektene til helseføretaka.

## **Konklusjon**

Vedtektene i helseføretaka blir endra som vist over og Helse Vest RHF som eigar, gjer vedtak i føretaskmøta i helseføretaka.

Vedlegg: Reviderte vedtekter for Helse Vest RHF